



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
17/116199-4

Dykkar referanse:
15/194 – 17/31233

Vår dato:
11.12.2017

Merknad til offentlig ettersyn for reguleringsplan for Sjørneset – PlanID 1263-201501 – Lindås kommune

Vi viser til framlegg til reguleringsplan for Sjørneset, motteke på offentlig ettersyn 08.11.2017.

Om reguleringsplanen

Sjørneset ligg på nordsida av Hindenesfjorden, med tilkomst via kommunal veg Hosøyvegen til fv. 394 Stranda. Hovudføremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for einebustad, hytte, rorbuer og naust, med tilhøyrande anlegg. Planområdet er 42 dekar.

Vår vurdering av framlegget

Ved varsel om oppstart anbefalte vi at kryss mellom Hosøyvegen og fv. 394 Stranda vart teke med i planavgrensinga, slik at ein kunne vurdere trafikksikre løysingar både på den kommunale vegen og i kryss med fylkesvegen.

Framlegget til reguleringsplan er vesentleg redusert i høve til omfanget ved varsel om oppstart, og Lindås kommune har vurdert at trafikkauken i området ikkje vil vere av eit slik omfang at utbygger kan påleggast å regulere eller opparbeide krysset.

Etter vårt syn har krysset mellom Hosøyvegen og fv. 394 ei standard som tillét særleg trafikkvekst. Dette gjeld òg fv. 394 generelt. Statens vegvesen meiner difor at kommunen bør avgrense vidare utbygging i dette området, og særleg bustadutbygging som vil vere bilbasert.

Utover dette har vi ingen merknader til planframlegget.

Statens vegvesen Region vest
Plan og forvaltning
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN